

NVE

nve@nve.no



Vår dato: 03. juni 2025

Vår ref.: 1784632-2

NVE ref.: 202311376-6

Sakshandsamar: Vegard Blikra Fagerli

Mel kraftverk – orientering om vassføring og vasstand i høve konsesjonskrav

Vi viser til vårt brev til NVE 10. mars 2025 vedrørende avvik frå manøvreringsreglementet i Mel kraftverk. I samband med skifte av turbinregulator i Mel kraftverk i Sogndal kommune, Vestland, har vi no ein stans på kraftverket på 6 veker. Dette får konsekvensar for vassføring ut frå kraftverket og vasstand i inntaksmagasinet; Nedre Svartevassvatn:

- Jamfør konsesjonen for kraftverket (1999-04-23 Vetlefjordelvi Manøvreringsreglement Mel endring post 2 Kongeleg resolusjon) skal driftsvassføringa av omsyn til fisk vere så jamn som mogleg. SFE Produksjon må i testfasen av ny turbinregulator køyre effekt opp og ned på kraftverket med det resultatet at driftsvassføringa vert ujamn. All testing vil skje i løpet av ein dag og vil skje i slutten av juni. Vi vil avbøte konsekvensane av den ujamne køyringa med å sleppe vatn frå inntaksmagasin og eventuelt bekkeinntak. Dette vil gje høgare vassføring i elva og redusere dei negative konsekvensane for fisk av rask opp- og nedkøyning i kraftverket.
- Stansen på 6 veker i mai og juni aukar sjansen for at SFE ikkje greier å flaumdempingskravet i Nedre Svartevassvatn, Jorddalsvatnet og Skaddalsvatnet. Været utover vår og sommar vil sjølvstekt spele inn på dette. Vi vil orientere NVE om status på situasjonen.

Venleg helsing

A handwritten signature in blue ink, reading 'Bjarte Lofnes Hauge', written in a cursive style.

Bjarte Lofnes Hauge
avdelingssjef kraftverk